



SOGN REGIONRÅD

Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020

Høyring



SOGN | driftig | raus | ekte

Innhold

1	Innleiing	3
1.1	Om Sogn	3
1.2	Sogn regionråd	3
1.3	Organisering	3
1.4	Forankring og innhald i regionalplanen.....	4
1.5	Planar i Sogn regionråd	4
1.6	Planprosessen.....	5
2	Utviklingstrekk for regionen.....	5
2.1	Folketalsutvikling.....	5
2.2	Folketalsframskriving	6
2.3	Sysselsetjing.....	7
2.4	Attraktivitet og strukturelle forhold.....	8
2.5	Attraktivitet blir skapt gjennom endring.....	9
3	Mål.....	9
4	Satsingsområde	10
4.1	Næringsutvikling.....	10
4.2	Attraktiv buregion	12
4.3	Kompetanse.....	14
4.4	Samferdsle	15

1 Innleiing

1.1 Om Sogn

I historisk samanheng har Sognefjorden vore den viktigaste ferdselsåra mellom kommunane i regionen. Fjorden og store geografiske avstandar er utfordrande i arbeidet med å utvikla Sogn som felles bu- og arbeidsmarknad. Sogneidentiteten er framleis sterk. Fellesskapet rundt fjorden bygger identiteten til sogningane, og er eit godt grunnlag å utvikla samarbeidet på. Verdiskapinga vil auka når vi samarbeider om å ta heile regionen i bruk.

1.2 Sogn regionråd

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan mellom kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd er eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova § 27. Føremålet er å vera ein felles arena for å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen, fungera som base for definerte prosjekt og samordna og forenkla oppgåver for eigarane. Styret er samansett av ordførarar i eigarkommunane.

Sogn regionråd er dei ni kommunane sin felles utviklingsaktør i arbeidet med å vidareutvikla rammevilkåra for busetnad, næringsliv og vekst i regionen. Først og fremst er rådet eit politisk organ for regional utvikling og skal vera synleg som regional utviklingsaktør. Organet skal vera ein aktiv pådrivar for å få gjennomslag hos styresmakter i saker som er særleg viktig for regionen. På den måten kan kommunane sikra felles regionale prioriteringar og få større gjennomslagskraft enn kvar for seg.

1.3 Organisering

Politiske arbeidsgrupper

Rådet etablerer politiske arbeidsgrupper. Dei tek initiativ til tiltak og prosjekt som stør opp om og utviklar regionen, gjev tilråding til regionrådet, og påverkar avgjerdestakarar i retning av avgjerder for å betra tilbodet i regionen. Arbeidsgruppene har ikkje vedtaksmynde og alle saker skal vera vedtekne i rådet før iverksetjing.

Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa i Sogn regionråd utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning og tenesteproduksjon i regionen. Samarbeidet er ikkje eit organ i høve lovverket. Rådmennene kan få oppdrag frå Sogn regionråd.

Næringsnettverket

Nettverket for næringsssjefar og daglege leiarar i næringssselskapa i regionen vart etablert i 2012 og har følgjande mandat:

- Vera ein arena for utveksling av erfaring og informasjon
- Utvikla kunnskap og kompetanse innanfor fagområde
- Vera ein lærings- og utviklingsarena
- Initiera prosjekt innanfor fagområdet
- Samhandla med andre eksterne aktørar

Prosjekt initiert av nettverket og som krev ressursar, skal leggjast fram for Sogn regionråd for godkjenning. Større prosjekt bør finansierast av eksterne midlar. Regionrådet kan gje oppdrag til næringsnettverket gjennom rådet sin handlingsplan. Nettverket rapporterer årleg om sin aktivitet og planar til rådet.

1.4 Forankring og innhald i regionalplanen

Regionalplanen er eit styringsdokument for satsingane i regionrådet til 2020 og eit verktøy for regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Det bør vera ein samanheng mellom regionrådet sin plan og kommunane sine planar (som samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan). I planprosessen har samanhengen vore drøfta og planane har vore grunnlag for å vurdera kva satsingar som bør prioriterast i regionalplanen. Samfunnsdelen av kommuneplan og næringsplanar varierer med omsyn til mål og strategiar. Kommunane har også eit ansvar for å skapa ein samanheng mellom regionalplanen og eigne planar.

Planen har fokus på område som sterkast bidreg til å nå føremålet til Sogn regionråd, som regionrådet har virkemiddel på og som rådet kan påverka.


1.5 Planar i Sogn regionråd

Regionalplanen er todelt med ein strategidel og ein handlingsdel. Strategidelen inneheld mål, satsingsområde og strategiar for planperioden 2017-2020. Handlingsplanen konkretiserer strategien og blir rullert kvart år.

Regionalplanen og handlingsplanen vil vera grunnlag for ein partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt.

Sogn regionråd har vedteke ein samferdsleplan for 2016-2018 som inneheld mål, overordna rammer, milepælar og prioriterte samferdsletiltak. Handlingsplanen for samferdsle blir rullert kvart år.

Det er utarbeidd overordna programplan for programmet for barnehage- og skuleutvikling System for styrka læring 2013-2021. Handlingsplanen blir rullert kvart år.



1.6 Planprosessen

Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Planen blir laga kvart fjerde år. I forkant av arbeidet med ny plan vart gjeldande plan drøfta på ordførarmøte i april 2015 og det vart utarbeidd eit evalueringsdokument som oppsummerer aktivitetane og vurderer regionalplanprosessen. Det vart gitt innspel til satsingar i fellesmøte og kommunevise møte.


Framdriftsplan for planprosessen:

Periode/ tidsfrist	Aktivitet
6. november 2015	Sogn regionråd handsamar evaluering av regionalplan 2013-2016
4. desember 2015	Sogn regionråd tek stilling til framdrifts- og prosessplan for ny regionalplan
10. februar 2016	Sogn regionråd set av midlar til regional analyse for Sogn og arbeidet med regionalplan
August – september 2016	Kvart formannskap drøftar og evaluerer regionalplan 2013-2016, jf dokument handsama i Sogn regionråd 6.11.2015 og utfordringar og moglegheiter i forkant av fellesmøte
30. september 2016	Arbeidsmøte med formannskapa, rådmenn, næringsansvarlege og eksterne aktørar: Føredrag og arbeidsverkstad
Oktober 2016	RUP-gruppa drøftar planarbeidet
Oktober-november 2016	Kommunevise møte for innspel til satsingar i regionalplan i høve kommuneplanar/næringsplanar
Oktober-november 2016	Oppsummering, målformulering, kategorisering av innspela som grunnlag for strategiar og satsingsområde. Gjere klar planframlegg.
9. desember 2016	Sogn regionråd vedtek å senda planframlegget (strategidelen) på høyring
Januar–februar 2017	Kommunestyra og eksterne aktørar handsamar planframlegget (strategidelen)
31. mars 2017	Sogn regionråd vedtek <ul style="list-style-type: none">- Regionalplan 2017-2020 (strategidel)- handlingsplan 2017

2 Utviklingstrekk for regionen


2.1 Folketalsutvikling

Folketalsveksten er nesten uendra frå 2000 til 2016. Det er store variasjonar mellom kommunane. Sogndal har hatt den største veksten i denne perioden. Leikanger og Luster har hatt ei svak auke. Dei andre kommunane har hatt nedgang. Sogn har hatt ein svak nedgang frå 2000. For fylket har det vore ein svak vekst i same periode. Folkeveksten for heile landet var 16,4% frå 2000.



Figur 1 Endring i folketallet i tida 2000-2016 (i prosent). Kjelde: Statistisk sentralbyrå

For fleire sognekommunar var det vekst i folketallet frå 2006, og samla for Sogn har det vore folketalsvekst i perioden. For heile landet var folketalsveksten 12,4% siste ti åra.



Figur 2 Endring i folketallet i tida 2006-2016 (i prosent). Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Det har vore betre folketalsutvikling dei siste ti åra enn om enn ser utviklinga frå 2000. Dette skuldast nedgangen fram til 2007 og at det har vore vekst frå 2007.

Det er innvandrarar som skapar folketalsauke i Sogn. Utan innvandring hadde folketallet gått ned kvart år. I 2000 var andelen innvandrarar i regionen svært låg (804). I dag er 1 av 10 av innbyggjarane innvandrar (3255 i 2016).

2.2 Folketalsframskriving

Telemarksforsking sin analyse viser at både normalscenarioet og scenarioet med historisk attraktivitet ender opp med folketal rundt 33 000 i 2030. SSB's middelprognoser viser ein noko sterkare vekst med 34 226 innbyggjarar i 2030. Lågvekstscenarioet viser folketalsnedgang til 31 316 innbyggjarar i 2030. Regionen kan få både folketalsvekst- og nedgang, Kva som blir resultatet vil vera avhengig av kva

attraktivitet regionen greier å byggje for næringsliv og busetjing dei neste åra (Telemarksforsking, 2016).



Figur 3 Scenario for folketalsvekst (Telemarksforsking, 2016)

Sogn hadde eit fallande folketal mellom 2000 og 2007. Frå 2007 har det vore vekst i folketalet i regionen og folketalet er kome omtrent på same nivå som i 2000.


Figur 3 viser moglege scenario for folketalsutviklinga. Høgvekstscenarioet viser folketalsvekst på 36 153 i 2030. SSB sine middelpogoser viser vekst opp til 34 226 innbyggjarar i 2030. I 2020 utgjir SSB's middelpogoser ein vekst til 33 359, som vil gje ein vekst på 690 fleire innbyggjarane i perioden (vekst på 173 innbyggjarar pr år). Å få til ein slik vekst kan vera krevjande med dei strukturprosessane som pågår og skal realiserast fram mot 2020. For å få det til må vi lukkast med næringsutvikling.

2.3 Sysselsetjing

Tal arbeidsplassar i Sogn var til saman 16 152 og tal arbeidsplassar i Sogn og Fjordane var 53 769 ved utgangen av 2015.

Høgvekstscenarioet viser årleg arbeidsplassvekst med 141 arbeidsplassar fram til 2030, i alt 2111 fleire arbeidsplassar fram mot 2030. Lågvekstscenarioet viser nedgang på over 2000.

Årleg arbeidsplassvekst har variert sidan 2000, sett over tid har den hatt svak nedgang. Dei tre siste åra (2013-2015) har veksten vore 73 arbeidsplassar årleg.



Figur 4 Scenario for arbeidsplassvekst (Telemarksforsking, 2016)

2.4 Attraktivitet og strukturelle forhold

Telemarksforsking har utarbeidd ein regional analyse for Sogn¹. Vi oppsummerer i korte trekk frå rapporten:

Attraktivitet er tiltrekkingskrafta staden har for bedrifter, besøkande og busetjing utover det som kan forventast ut frå strukturelle forhold. Strukturelle forhold er forhold som har effekt på flytting eller næringsutvikling, men som staden i liten grad kan påverke sjølv.



Figur 5. Attraktivitetspyramiden frå Telemarksforsking viser at stader kan vera attraktive på tre måtar. Attraktivitet er stadsspesifikke forhold som påverkar veksten.

¹ Regional analyse for Sogn vart utarbeidd av Telemarksforsking som grunnlag til regionalplanarbeidet. Ein førebels versjon var tilgjengeleg i september. Endeleg analyse blir publisert i desember, sjå sogn.regionraad.no/rapportar

Arbeidsplassutviklinga har vore langt svakare i Sogn enn elles i landet frå 2000. Eit positivt trekk er at arbeidsplassveksten dei siste åra har kome opp på nivå med resten av landet.

Det er to strukturelle forklaringar på den svake arbeidsplassveksten i Sogn: For det første er store delar av næringslivet i Sogn i bransjar som har nedgang i Norge. For det andre er folketalsutviklinga i Sogn svakare enn elles i landet.

Den interne arbeidsmarknadsintegrasjonen er som gjennomsnittet i Sogn. Det er liten pendling ut og inn av regionen. Sogn får dermed ingen draghjelp gjennom å vera knytt til ein større arbeidsmarknad.

Sogn har korkje hatt spesielt høg eller låg bustadattraktivitet. Det er eit klart potensiale for å betre bustadattraktiviteten og få høgare folketalsvekst. Sogn har hatt låg næringsattraktivitet, men ikkje veldig låg. Samla sett har Sogn hatt omtrent nøytral attraktivitet i perioden frå 2000.

Sogn kan få ei betre utvikling enn normalt dersom vi er attraktive for næringsliv og befolkning.

Det finst regionar med same strukturelle utgangspunkt som Sogn som har skapt vekst gjennom høg attraktivitet for næringsliv og befolkning. Telemarksforsking meiner det er ingen spesielle årsaker til at Sogn ikkje skal kunne skape høgare attraktivitet dei neste åra.

2.5 Attraktivitet blir skapt gjennom endring

Telemarksforsking framhevar at attraktivitet blir skapt gjennom endringar. Stader som ønskjer å vera attraktive må ha ein kontinuerleg prosess der ein stadig endrar, forbetrar og skaper nye stadkvalitetar. For å bli attraktiv må vi arbeide meir eller smartare enn andre. Attraktiviteten blir ikkje skapt av at ein stad «har noko». Det er altså endring som påverkar attraktiviteten. For å forbetra attraktiviteten må vi tenkje og arbeida annleis enn tidlegare.

Det er vanskeleg å sjå for seg at dette kan gjerast av kommunen eller regionale offentlege instansar åleine. Det må skapast eit samarbeid der det offentlege, næringslivet, frivillige og befolkning samarbeider (Telemarksforsking, 2016).

3 Mål

Sogn regionråd skal medverka til arbeidsplassvekst og å styrka Sogn som ein attraktiv bu- og arbeidsregion slik at enda fleire unge folk etablerer seg i regionen

Status: Tal arbeidsplassar i regionen er 16 152 ved utgangen av 2015 og tal innbyggjarar er 32 669.

Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane 2016-2025, har mål om arbeidsplassvekst på netto 100 i året, som krev 500 nyskapte arbeidsplassar kvart år. Dette for å kompensere for dei som går tapt.

Hovudmål

Sogn sin del av arbeidsplassar og innbyggjarar i fylket er omlag 30%. Dette tilseier at Sogn bør ha ein arbeidsplassvekst på netto omlag 30 i året, som vil krevje 150 nyskapte arbeidsplassar kvart år. Ambisjonen til Sogn regionråd er at ein som eit minimum skal ta sin del. Innan utgangen av 2020 vil dette gje om lag 16 300 arbeidsplassar i regionen.

Utifrå utviklingstrekk for folketalsutviklinga dei siste ti år og framskrivingar mot 2030 er det forventa at folketallet aukar til om lag 33 000. Ambisjonen til Sogn regionråd er at regionen som eit minimum skal nå dette.

Sogn skal ha minst like god arbeidsplassvekst som i fylket elles.

Sogn skal ha folketalsvekst som er større enn det som har vore veksten siste ti åra.

4 Satsingsområde

Basert på utviklingstrekk, analysar, nasjonale og fylkeskommunale føringar, innspel frå fellesmøte, diskusjonar i regionrådet og med kommunane har vi prioritert følgjande fire satsingsområde for Sogn regionråd sitt arbeid:



Satsingsområda vil i nokon grad overlappe og utfylle kvarandre, men vil ha ulike angrepsvinklar. Satsingsområde skal samla sett medverka til å realisera måla vi har sett for regionalplanen.

4.1 Næringsutvikling

Fleire arbeidsplassar i Sogn er heilt avgjerande for busetjing og som grunnlag for folketalsutviklinga. Regionrådet vil gjera sitt for å betre rammevilkåra for busetjing og næringsliv i regionen gjennom langsiktig arbeid med regionale satsingsområde og utviklingsprosjekt.

Delmål

Etablering av nye og vekst i eksisterande private og offentlege verksemdar i regionen

Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat

Statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar

Statleg lokaliseringpolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte verkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen. Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar er fastsett ved kongeleg resolusjon 28.11.2014.

Erfaringane er at flytting, omfordeling og/eller nyetablering av statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og dei andre større byane er krevjande. Det er sterke motkrefter, politisk og administrativt.

Endringar i statlege og offentlege arbeidsplassar vil ha store konsekvensar for regionen². Regionreforma vil kunne påverke sysselsetjinga i regionen.

Strategi

Bygge politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling

Lønsamt reiseliv heile året

Reiselivsnæringa er verdast største og raskast veksande næring. Sogneregionen har hatt ein solid auke i talet tilreisande sidan 2013. Det har skjedd ei sesongutviding. Mai og september har blitt «nye juni og august», og vi er på veg frå tre til sju månader sommarsesong.

Visit Sognefjord AS vart etablert i 2013. Selskapet driv internasjonal og nasjonal marknadsføring og er pådrivar for produktutvikling og kompetanseheving i regionen. Selskapet arbeider for auka lønnsemd for reiselivsnæringa i Sogn.

Sogn regionråd si rolle vil vera å forankre langsiktige mål og strategiar for reiselivsutviklinga og halda fram med å støtta opp om Visit Sognefjord som regional utviklings- og marknadsføringskanal.

Kommunane sitt ansvar er å tilretteleggja for kommunal infrastruktur og fellesgode som kjem både tilreisande og fastbuande til gode.

Det regionale perspektivet er avgjerande for å lukkast i reiselivet. Regionrådet må medverka til å styrka Visit Sognefjord som verktøy for reisemålsutviklinga slik at regionen får fleire heilårsarbeidsplassar. Rådet si pådrivarrolle for samferdsleutbetringar er viktig for vekst og utvikling innan reiselivet.

Strategi

Støtte destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen

Pådrivar for betre samferdsle

Nye og grønne næringar

Marknadane for fornybar energi, reinare produkt og grøn teknologi er i vekst. Vi har et rikt ressursgrunnlag i Sogn. Det er eit potensiale for vekst i nye og eksisterande verksemder innan det grønne skiftet. Industristrategien for Sogn og Fjordane er ein del av Verdiskapingsplanen. Strategien peikar på moglegheiter innan det grønne skiftet og å skape temabaserte bransjeuavhengige møteplassar som har temaet på agendaen. Industristrategien peikar også på at næringsmiddelindustrien sysselset flest av industriane i fylket. Her er det sterke koplingar og avhengigheit av landbruket lokalt for å oppretthalde denne sysselsetjinga.

² Rapport «Samfunnseffektar av endringar i fylkeskommune og regional statsforvaltning», BDO 2016

Sogn regionråd kan ha ei rolle med å leggja til rette for samarbeid og kunnskapsbygging mellom kommunane, kunnskapsmiljø og verkemiddelapparatet.

For å lukkast med arbeidsplassvekst – både nyetableringar og utvikling av eksisterande verksemdar – må samarbeidet mellom kommunane forsterkast.

Strategi

Tilretteleggja for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og byggjer kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet

Identitet og samarbeid

Sogn regionråd er ein politisk arena for regional utvikling. Rådet bør samarbeida med næringsliv, organisasjonar og andre sentrale aktørar for å fremja utviklinga i regionen. Det finst stor kompetansebase i eksisterande næringsliv som kan gje grunnlag for vekst og utvikling i regionen.

Det er aukande sentralisering og overføring av ressursar frå distrikt til sentrale strøk. Å vera ein aktiv pådrivar og at rådet tek rolla som talsorgan i høve styresmaktene er avgjerande for lukkast med å nå måla i regionalplanen. Ved å stå samla om viktige prioriteringar vil vi ha større gjennomslagskraft enn om ein framstår splitta.

Strategi

- Styrke samarbeidet mellom kommunane, næringsliv, forskingsmiljø, høgskulen, utdanningsinstitusjonar og andre aktørar for å fremje regional utvikling
- Rådet skal vera aktiv overfor sentrale og regionale styresmakter, byggja alliansar og delta i interessefellesskap for å ivareta og styrke Sogn sine interesser

4.2 Attraktiv buregion

Arbeid med attraktivitet handlar om det regionen sjølv kan endra og utvikla. Attraktivitet blir skapt av at ein stad betrar noko eller skaper noko nytt. Kva som verkar, vil variera frå stad til stad. Utfordringa blir å finne kva som skal til for vår region. Det er likevel eitt sett med faktorar som er kjende og som ein veit er viktige. Forsking viser at arbeid er den viktigaste årsaka til at folk kjem til ein stad, men god bustadpolitikk, tilrettelegging av ulike typar møteplassar og fritidsliv har også stor betydning. I tillegg har dei frivillige laga og organisasjonane ei viktig rolle i det inkluderingsarbeidet som skal skje (Distriktssenteret).

Omdømme er summen av oppfatningane som ulike grupper har av regionen. Vi «eig» merkevara vår, medan omgjevnaden «eig» omdømmet. Om vi har eit godt og realistisk omdømme vil vi stå betre rusta i kampen om ressursar, menneske og arbeidsplassar. Den beste garantien for å skape eit positivt omdømme er stolte og fornøgdde innbyggjarar, næringsdrivande og tilreisande.

Omdømmearbeid handlar om å kartlegge kvalitetane ved staden og utviklingstiltaka må vera forankra i ein overordna strategi for kva regionen skal vera kjent for (Distriktssenteret). Kommunane, næringsliv og innbyggjarar må arbeide saman om utvikling i ein felles retning.

Om vi greier å skapa eit positivt bilete av Sogn i andre sine auge og gjera Sogn kjent utover Sogn, vil dette påverka forståinga innbyggjarane har av regionen og eigen identitet. Samstundes skjer ein

motsett prosess, der den styrka felles identiteten kan medverka til å forsterka og synleggjera omdømme utad.

Delmål

Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen

Felles profilering og merkevarebygging for å skape bulyst og vere ein livskraftig region

Styrka felles regional identitet og samstundes byggje eit positivt omdømme utad

Tilflytting og rekruttering

Arbeidsplassar får folk til å flytte til regionen, medan trivsel og gode tenester får folk til å bli buande.

Det er ei utfordring å gjera kvar kommune synleg i mengda av informasjon. Bustadstrategien for Sogn omtaler utfordringa og tilrår å samordne informasjon om profileringa av Sogn. Sogn regionråd vil medverka til felles profilering av Sogn som bu-, arbeids- og serviceregion.

Strategi

Vidareutvikle omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.

Profilere Sogn som felles bu- og arbeidsmarknadsregion og bli meir synlege og profesjonelle i tilflyttings- og rekrutteringsarbeidet.

Involvere innbyggjarane, ungdommane og studentane i arbeidet med å gjera regionen meir attraktiv for tilflytting og busetjing.

Bustadutvikling

Dei siste åra har Sogn regionråd retta fokus på bustadutvikling som nødvendig tiltak for auka busetjing og tilflytting til regionen. Analysen av bustadmarknaden (ideas2evidence, 2014) viser at bustadmarknaden er ein av fleire faktorar som spelar inn når det dreier seg om kor attraktive kommunane i Sogn er. Sogn er avhengig av tilflytting og kommunane er opptekne av å trekka til seg innbyggjarar. Når mangfaldet i befolkninga aukar set dette større krav til variasjon i bustadtilbodet. Tilrettelegging for tilflytting bør derfor sikra at bustadtilbodet er variert sett opp mot målgruppene.

Bustadstrategien for Sogn (Norconsult, 2016) får fram moglege løysingar, gode grep og virkemiddel for betre bustadutvikling. Strategien blir gjennomført i eit treårig prosjekt 2017-2019. Det er lagt opp til samarbeid og dialog mellom kommunane og med eksterne aktørar mellom anna Husbanken, byggenæringa, fylkeskommunen, fylkesmannen og Framtidsfylket i arbeidet for styrka bustadutvikling i Sogn.

Strategi

Iverksetja vedteken bustadstrategi for Sogn 2017-2019

Integrering og inkludering

Utan innvandring hadde folketalet gått ned kvart år i vår region. I dag er 1 av 10 innbyggjarar i Sogn innvandrar. Regionen er siste åra gått frå å vera eit relativt homogent samfunn til eit fleirkulturelt

samfunn med stort mangfald. God inkludering kan medverka til at vi klarer å behalda dei som kjem til vår region.

I følgje NAV skårar Sogn og Fjordane lågare enn andre fylke både i høve til norskopplæring og busetting av flyktingar, og det ei stor arbeidsløyse blant innvandrara i fylket.

For å lukkast med inkludering er god språkopplæring avgjerande. For flyktingane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Både arbeidsinnvandrara og flyktingar treng eit høveleg bustadtilbod og må oppleva å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kommunane, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er sentrale aktørar i inkluderingsarbeidet. Kommunane legg til rette for utdanning, arbeid, bustader, gode oppvekstvilkår og møteplassar. Sogn regionråd kan vera pådrivar for godt utdanningstilbod som er tilpassa behova i regionen. Om ein ser bu- og arbeidsmarknadsregion samla vil dette styrke moglegheitene for arbeid for personar med minoritets-/innvandringsbakgrunn.

Strategi

Pådrivar for eit godt utdanningstilbod for personar med minoritets-/innvandringsbakgrunn tilpassa kommunane og næringslivet sine behov

Medverke til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion

4.3 Kompetanse

Regionalt program for barnehage- og skuleutvikling

Kommunane i Sogn regionråd deltek i det regionale utviklingsprogrammet for barnehage- og skuleutvikling *System for styrka læring*.

Utviklingsprogrammet har eitt hovudmål: Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Vi har seks programområde: 1) lærande organisasjonar og fagnettverk, 2) vurdering for læring, 3) motivasjon og meistring, 4) psykisk helse, 5) entreprenørskap og 6) tidleg innsats.

Dette er eit niårig program som starta i 2013 og held fram til 2021. Det er utarbeidd ein overordna programplan som vart politisk handsama i medlemskommunane. Handlingsplanen vert rullert årleg og blir godkjent i regionrådet. Utviklingsarbeidet inneber breitt samarbeid mellom kommunane og med eksterne aktørar mellom anna med undervisnings- og forskingsmiljø (Høgskulen i Sogn og Fjordane, Regionalt kunnskapssenter for barn og Unge, Hemil-senteret) og andre organisasjonar som Ungt Entreprenørskap, Statped Vest, fylkeskommunen og Helse Førde.

Strategi

Sogn regionråd vidarefører det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling *System for styrka læring 2013-2021*

Fagkompetanse til verksemdene

Det er viktig at verksemdene i regionen har tilgang på nødvendig fagkompetanse innan vidaregåande opplæring og høgskuleutdanning.

Vidaregåande opplæring

Regionen har vidaregåande skular i Høyanger, Sogndal og Årdal. Sogn Jord- og hagebruksskule i Aurland er landslinje og har elevar frå heile landet.

Kvar haust er det om lag 100 – 120 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Sogn regionråd har inngått partnerskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, LO Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane for fleire læreplassar i kommunane og privat næringsliv.

Gjennom avtalen vil partane samordna innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og rekrutterer fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv. Avtalen inneheld fleire konkrete tiltak for å få fleire læreplassar. Avtalen gjeld til 2019.

Høgare utdanning

Høgskulen i Sogn og Fjordane³ er ein regional utviklingsaktør. Høgskulen utdannar studentar mot offentleg sektor, mest mot dei store velferdssektorane. Dei fleste studentane vert rekrutterte utanfor fylket, og mange blir verande etter fullført utdanning. Høgskulen er viktig også fordi den tilbyr etter- og vidareutdanning og fleire masterprogram. Det breie utdanningstilbodet skulen har er utvikla i nært samarbeid med nærings- og arbeidsliv og i samsvar med behova i regionen. Høgskulen tilfører regionen relevant kompetanse gjennom utdanning og forskning, som både offentleg og privat sektor etterspør.

Utover at Høgskulen kan sjåast på som leverandør av arbeidskraft, kan den også sjåast på som del av ei kunnskapsnæring og som er i vekst. Med utviklinga av Fosshaugane Campus har ein fått til ei samlokalisering av fylkets største kunnskaps-, forskings- og kompetansemiljø. Sogn har her ein komparativ fordel samanlikna med andre delar av fylket, og som bør nyttast for vidare utvikling av sogneregionen. Høgskulen i Sogn og Fjordane blir ein del av Høgskulen på Vestlandet frå 1.1.2017.

Sogn regionråd kan medverke til at tilbodet ved høgskulen er i tråd med behova i arbeidslivet og i samsvar med ønska. Regionrådet vil vidareføre samarbeidet med høgskulen.

Strategi

Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemder sine behov og samsvarer med ungdomane og utdanningssøkjande sine ønske.

Gjennom partnerskapen med NHO, LO og fylkeskommunen medverka til fleire læreplassar i kommunane og i private verksemder

4.4 Samferdsle

Utbetring av infrastruktur er viktig for styrka regionen som felles bu-, arbeids- og serviceregion, og for å lukkast med næringsutvikling. Vi har to hovudområde:

1. Infrastruktur ut av regionen
2. Felles bu- og arbeidsmarknad

Delmål

Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur. Reisetida til regionsenteret skal vera maksimalt 45 minutt.

³ Fusjonerer med Høgskulen i Bergen og Høgskulen Stord /Haugesund og blir del av Høgskulen på Vestlandet frå 1.1.2017

Sogn regionråd har vedteke ein samferdsleplan for 2016-2018 som inneheld overordna rammer, milepælar, mål og prioriterte samferdsleløyningar. Planen har eit vedlegg med kommunane sine vegprioriteringar og er basert på tilbakemeldingar frå kommunane. Handlingsplanen blir rullert årleg.

Planen får fram kva samferdsleløyningar som regionrådet prioriterer. Arbeidet med å betra samferdsleløyningane i og ut av regionen er eit langsiktig og krevjande arbeid. Samstundes vil felles prioriteringar kunne gjera det enklare å få realisert samferdsleprosjekta.

Samferdsleplanen legg grunnlag for Sogn regionråd sine fråsegner til nasjonal transportplan og regional transportplan. Regionen må halda fram med å vera aktive overfor stat og fylkeskommune og slik styrke regionen sine samferdsleinteresser. Å byggja alliansar og samarbeide med naboregionar og næringslivet gjer det også meir sannsynleg at samferdsleprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale og fylkeskommunale prioriteringane.

I arbeidet med regionalplanen har god infrastruktur i ein felles bu- og arbeidsmarknad blitt vekta. Dette gjeld kollektivtilbod og tilrettelegging for pendlarar og skuleelevar, vegutbetringar innad i regionen og ferjeruter. Rulleringa av den årlege handlingsplanen innan samferdsle vil kunne fanga opp desse prioriteringane.

Strategi

Gjennomføre samferdsleplanen for 2016-2018



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune